

KYRKJELEG FELLESNEMND FOR OS OG FUSA
5200 OS/5640 Eikelandsosen

MØTEINNKALLING

Utval: Kyrkjeleg fellesnemnd for Os sokneråd og Fusa sokneråd
Møtestad: Fusa kyrkjekontor, Eikelandsosen
Møtedato: måndag 11. desember 2017 kl.18.15, rett etter møte i partssamansatt utval.

Innkalling og saksdokument vert også sendt varamedlemene, men desse skal ikkje møte utan nærmare innkalling.

Lovleg forfall må meldast snarast råd til kyrkjeverje Harald Geir Sæther, telf. 41662090.

SAKSLISTE:

Saksnr.: Sak Tekst:

SKRIV/MELDINGAR

SAK:		ARKIV
2017/009	ADMINISTRATIV ORGANISERING/PROSJEKTLEIING	011
2017/010	STILLINGSINSTRUKS FOR PROSJEKTLEIAR	211
2017/011	PLASSERING AV ARKIV FOR FN	041.1
2017/012	GODKJENNING AV PRINSIPPDOKUMENT	011
2017/013	FRAMDRIFTPLAN FOR FN SITT ARBEID – TIDFRISTER	020
2017/014	REGLEMENT FOR PSU	012.3
2017/015	MØTEGODTGJERSLE FOR KYRKJELEG FELLESNEMND	233
2017/016	BUDSJETT 2017-2019	112
2017/017	IKT- OG WEBLØYSINGAR	053
2017/018	FORSKOTTERING AV FELLESNEMNDA SINE UTGIFTER	131
2017/019	OPPNEMNING AV AU	002.39
2017/020	MØTEPLAN FOR 2018	012.0

Fusa kyrkjekontor,
den 1. desember 2017



Hans S Vindenes
leiar i kyrkjeleg fellesnemnd



Harald Geir Sæther
sekretær

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 11.12.2017

Sak: ADMINISTRATIV ORGANISERING/PROSJEKTLEIING

Saksnr.: 2017/009
PSU-sak 2017-001

Ark.nr. 011

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Framlegg til vedtak:

1. Den dagen ein lyser ut etter ny stilling som kyrkjeverje i Os, vert stillinga lyst ledig som kyrkjeverje for Os og Fusa kyrkjelege fellesråd; frå 1. desember 2019 kyrkjeverje for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd. Kyrkjeverja vert prosjekteigar.
 2. Kyrkjeverje Harald Geir Sæther vert assisterande kyrkjeverje for Os og Fusa frå tidspunktet ein får på plass felles kyrkjeverje. Assisterande kyrkjeverje vert også prosjektleiar i prosessen. Denne stillinga vert underlagt felles kyrkjeverje når det gjeld alle funksjonar.
 3. Fram til felles kyrkjeverje er på plass vert kyrkjeleg fellesnemnd v./leiar prosjekteigar.
-

PSU si tilråding:

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Trykte saksdokument:

Ingen

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Arbeidsutvalet drøfta i sitt møte 27. november mogleg administrativ organisering av fellesnemnda og kyrkjeverjerolle fram mot samanslåinga av Os sokneråd og Fusa sokneråd til Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd.

Kyrkjeverje Gerhard Hansen har signalisert at han kjem til å slutte i stillinga før 1. desember 2019. Kyrkjeverje Harald Geir Sæther har uttrykt at han ikkje er interessert i å gå inn i ny stilling som kyrkjeverje for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd. Meir informasjon om dette kan evt gjevast i møtet.

AU rår til følgjande organisering framover:

1. Den dagen ein lyser ut etter ny stilling som kyrkjeverje i Os, vert stillinga lyst ledig som kyrkjeverje for Os og Fusa kyrkjelege fellesråd; frå 1. desember 2019 kyrkjeverje for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd. Kyrkjeverja vert prosjekteigar.
2. Kyrkjeverje Harald Geir Sæther vert assisterande kyrkjeverje for Os og Fusa frå tidspunktet ein får på plass felles kyrkjeverje. Han vert også prosjektleiar i prosessen. Denne stillinga vert underlagt felles kyrkjeverje når det gjeld alle funksjonar.
3. Fram til felles kyrkjeverje er på plass vert kyrkjelege fellesnemnd v./leiar prosjekteigar.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 11.12.2017

Sak: STILLINGSINSTRUKS FOR PROSJEKTLEIAR

Saksnr.: 2017/010
PSU-sak 2017-002

Ark.nr. 211

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Framlegg til vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd vedtek framlegg til stillingsinstruks for prosjektleiar slik som tilrådinga frå AU.

PSU si tilråding:

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Trykte saksdokument:

- 1. Framlegg til stillingsinstruks for prosjektleiar**

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Arbeidsutvalet har drøfta og utarbeidd ein stillingsinstruks for prosjektleiar. Vedlagte dokument er AU si tilråding.

Stillingsinstruks for prosjektleiar – Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd

Føremålet med stillinga

1. Vere prosjektleiar av Bjørnafjorden kyrkjelege fellesnemnd fram til 01.12.2019 og leie prosjektet på ein slik måte at den kyrkjelege fellesnemnda kan utføre dei oppgåver som følgje av lovverk og kyrkjelege organ sine vedtak og bestemmelser.
2. Ivareta tilrettelegging og gjennomføring av samanslåing.
3. Sikre at prosessen skjer etter vedtekne mål og utgreiingar.
4. Fremje samarbeid mellom fellesråd og sokn og ivareta interessene i høve kommunen.
5. Bidra til utvikling av god personalpolitikk og godt arbeidsmiljø, og leggje til rette for samarbeid mellom dei som arbeider i fellesråda, prost og prestetenesta, og i kyrkjelydane.

Organisasjonsmessig plassering

1. Prosjektleiar er underlagt prosjekteigar.
2. Prosjekteigar rapporterer til Bjørnafjorden kyrkjelege fellesnemnd
3. Prosjektleiar har møte- og talerett i fellesnemnda og partssamansett utval

Hovudoppgåver

1. Prosjektleiar er sekretær for fellesnemnda og utgreier saker, kallar inn til møte i nemnda og sikrar dokumentasjon av prosessen og resultat.
2. Prosjektleiar er sekretær for partssamansett utval og utgreier saker, kallar inn til møte i utvalet og sikrar dokumentasjon av prosessen og resultat.
3. Prosjektleiar har ansvar for informasjonsarbeidet ifm arbeidet med omorganiseringa.
4. Prosjektleiar leiar prosjektgruppa om ei slik gruppe vert oppnemnd.
5. Prosjektleiar får fullmakt til å oppnemne temagrupper for utgreiing av spesifikke spørsmål.
6. Prosjektleiar skal styre økonomien til fellesnemnda, og får fullmakt til å gjere generelle omposteringar med inntil kr.50.000,- innanfor rammene i vedteke budsjett.
7. Prosjektleiar utarbeidar sluttrapport til fellesnemnda.
8. Prosjektleiar har ansvar for å sikre den løpande kontakten med kommunal fellesnemnd.

Andre oppgåver:

1. Prosjektleiar har tilvisingsmynde for fellesnemnda. Oppgåva kan delegerast.

Anna:

1. Prosjektleiar er underlagt forvaltningslova sine reglar for teieplikt.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 11.12.2017

Sak: PLASSERING AV ARKIV FOR KYRKJELEG FELLESNEMND

Saksnr.: 2017/011
PSU-sak 2017-003

Ark.nr. 041.1

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Framlegg til vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd vedtek at Fusa sokneråd har arkivansvaret for kyrkjeleg fellesnemnd sitt arbeid.

PSU si tilråding:

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Trykte saksdokument:

Ingen

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Arbeidsutvalet har drøfta kven som tar arkivansvar for kyrkjeleg fellesnemnd sitt arbeid. AU tilrår at arkivet vert ein del av Fusa sokneråd sitt arkiv.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 11.12.2017

Sak: GODKJENNING AV PRINSIPPDOKUMENT

Saksnr.: 2017/012

PSU-sak 2017-004

Ark.nr. 011

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Framlegg til vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd vedtek framlegg til prinsippdokument slik AU tilrår.

PSU si tilråding:

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Trykte saksdokument:

1. Framlegg til prinsippdokument

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

I sist møte i kyrkjeleg fellesnemnd var ein samd om å få på plass eit prinsippdokument som skal liggje i botn for arbeidet med samanslåing av sokneråda til Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd. Arbeidsutvalet drøfta dette i sitt møte 27. november, og gjer her si tilråding. Sjå vedlagte dokument.

Prinsippdokument for samanslåing av Os sokneråd og Fusa sokneråd til Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd

Mål for samanslåingsprosessen

Os sokneråd og Fusa sokneråd sine fellesrådsfunksjonar vert frå 01.12.2019 flytt til Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd. Fellesrådsområdet vert frå 2020 samansett av to sokn; Os sokn og Fusa sokn.

Det nye fellesrådet vert etablert med utgangspunkt i kvart av dei tidlegare sokneråda sine tradisjonar, sterke sider og utfordringar.

Det er eit overordna prinsipp at begge sokneråda er likeverdige partar og har like mykje å bidra med inn i prosessen.

Kyrkjeleg fellesnemnd er oppretta og vedteke med likelydande vedtak i Os sokneråd og Fusa sokneråd.

Følgjande punkt er viktige mål for prosessen med samanslåing:

1. Kultur

- Samarbeidet om samanslåing skal pregast av at ein er opne, likeverdig, raus og har forståing for kvarandre sin ståstad.
- Etablering av ny organisasjonskultur vert bygd gjennom faglege og sosiale tiltak.

2. Arbeidsgjevarpolitikk

- Tilsette i begge sokneråda skal ivaretakast, og medrårerett må sikrast i omstillinga
- Ingen fast tilsette skal seiast opp som følgje av samanslåinga av fellesråda. Nokre vil få endra arbeidsoppgåver, og kanskje endra oppmøtestader, men det kan skje først etter medverknad av tillitsvalde. Tilsette skal ikkje få reduksjon i løna si som følgje av samanslåinga. Det er eit mål at eventuell seinare bemanningsreduksjon som følgje av andre årsaker (t.d. økonomi) skal skje gjennom naturleg avgang.
- Tilsette skal sikrast pensjon i KLP eller tilsvarende pensjonsselskap.
- Der ein ser det er føremålstenleg kan ein starte tilpassing og organisering av tenester før 2020. Døme kan vere administrasjon og drift av gravplassar.
- Høve for fagleg samarbeid vil bli tilrettelagt før 1. januar 2020.

3. Samarbeid med andre

- Prestetenesta er viktige samarbeidspartnarar i omstillingsprosessen og vert inkludert i samlingar og drøftingar der det er føremålstenleg.
- Frivillige medarbeidarar i kyrkjelydane legg ned eit vesentleg og viktig arbeid for Den norske kyrkja både i Os og i Fusa. For å halde deira engasjement oppe i endringsprosessen må desse få god informasjon og involverast slik at ein kan halde oppe engasjementet i alle ledd.

- Kommunane er ein nær samarbeidspartnar som det er viktig å oppretthalde og utvikle vidare fram mot kommunesamanslåinga.

4. Informasjon

God informasjon er nøkkelen for suksess. Ein informasjonsstrategi må utarbeidast slik at tilsette, råd og utval, andre involverte og samarbeidspartnarar får tilstrekkeleg med informasjon undervegs i prosessen.

Mål for framtidig fellesråd

Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd skal gje innbyggjarane i kommunen eit bredt tenestetilbod som omhandlar alt frå byrjinga av livet med dåp og til livets slutt med gravferdsforvaltning. I begge sokn skal ein ha tilgang til gode kyrkjelege tenester.

Den kyrkjelege fellesnemnda som er oppnemnt har fått delegert mynde av Os sokneråd og Fusa sokneråd til å styre prosessen fram til nytt fellesråd trer i kraft frå 1. desember 2019.

Det er eit mål å få ein effektiv organisasjon, men det skal i tillegg til ordinær forvaltning leggjast til rette for gode møtepunkt som gudstenester, andre kristne fellesskap, møte med menneske – både i grupper og med enkeltmenneske – om tru og tvil, sjelesorg m.v.

Følgjande punkt er viktige mål for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd:

1. Økonomi

- Forutsigbare og tilstrekkelege økonomiske rammer som sikrar ein profesjonell og robust organisasjon som kan levere gode tenester innanfor kyrkjelege fagområde og forvaltning
- Å ha minimum same tal årsverk etter 2020 som no. Det er eit mål å få ein rasjonaliseringsgevinst gjennom prosessen, men den må nyttast til å utvikle ein meir profesjonell organisasjon for framtida, og til auka tenesteproduksjon både når det gjeld fellesrådsoppgåver og kyrkjelydsarbeid.
- Oppretthalde drift av andre verksemder som sokneråda i dag er eigar av, barnehage, frivilligsentral og TUNET kyrkje- og kultursenter.
- Etablere ein føremålstenleg tenesteytingsavtale med kommunen på område der det er naturleg

2. Avklåring fellesråd – sokneråd

Avklåring av kva for oppgåver som skal løysast av fellesrådet og kva som skal løysast av sokneråda.

3. Eigedom

- Drifte og vedlikehalde noverande bygningsmasse i tråd med relevant regelverk
- Vere framtidsretta med tanke på energiløysingar for kyrkjebygg
- Systematisk og regelmessig kartlegging av drifts- og investeringsbehov som inngår i økonomiplan og budsjettprioriteringar.

- Jamleg tilsyn for alle kyrkjebygg og gravplassar.
- 4. Arbeidsgjevarpolitikk**
- Vidareføre ei profesjonell leining med kyrkjeverje og ulike fagstillingar
 - At fellesrådet blir opplevd som ein attraktiv arbeidsgjevar som tiltrekkjer seg søkjarar til ledige stillingar
 - Opprette fagteam der det er naturleg som bidreg til fagleg fellesskap og heilskapleg organisasjonsutvikling
 - Aktiv kompetansekartlegging og effektiv ressursutnytting
 - Redusert sårbarheit når det gjeld ferieavvikling og sjukdom
 - Eit godt samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane
- 5. Gravplassforvaltning**
- At fellesrådet held fram med å levere gode gravferdstenester (gravferder og nedsetting av urner) til alle innbyggjarane i kommunen.
 - At gravplassane framstår som gode stadar for ulike sinnsstemningar, ha god parkmessig kvalitet og samstundes vere funksjonell som arbeidsplass.
 - At den norske kyrkja leverer gode gravferdsseremoniar til sine medlemmer.
- 6. Gudstenester og kyrkjelydsverksemd**
- Sjå til at talet forordna gudstenester vert følgt opp med nødvendig bemanning på dei områda fellesrådet har ansvar for.
 - Sørge for at sokneråda får rammer til å arbeid vidare saman med prestar om kyrkjelydsbygging gjennom gudstenester, andre kristne fellesskap, trusopplæring, diakoni, møte med menneske – både med grupper og enkeltmenneske – om tru og tvil, sjelesorg m.v.

Om lokalkyrkja

Ei kyrkje sin lokalidentitet vert påverka av lokalt engasjement, og det er viktig at særeigenskapane også er lagt til rette for dette i ein ny organisasjon. Nærleiksprinsippet vert difor grunnleggjande for at lokalkyrkja skal kunne halde fram som «si kyrkje» som ein søker ved både store og små hendingar i livet. Eit lokalkyrkjeleg tilbod er difor viktig å oppretthalde. For at kyrkja også i framtida er bærekraftig er det viktig at det er god tilrettelegging for frivillighet og for deltaking i lokale kyrkjelege råd. Det må gjerast attraktivt å stille til verv i sokneråd og fellesråd, og godt samarbeid med stab og administrasjon er ein føresetnad for produktivt rådsarbeid.

Soknegrenser er ikkje eit diskusjonspunkt i noverande omstilling, og ein ser føre seg at det skal vere kontoravdeling både i Os og i Fusa.

Kommunikasjon med innbyggjarane

Den norske kyrkja må jobbe for at kommunikasjon med innbyggjarane og medlemmer er relevant og tidsaktuell, og at det er god og oppdatert digital informasjon i tillegg til tradisjonelle papirformer. Ein felles sentralbordløyning for kyrkjekontora er viktig å få på plass før 01.12.2019 der ein får gode løyningar som knyt dei lokale kyrkjekontora

saman på ein måte som gir god kundeservice og legg til rett for ein god intern kontakt mellom tilsette.

Kyrkjeleg perspektiv

Kyrkjeleg fellesråd har ein todelt rolle i norsk samfunn. I mange tilfelle opptre kyrkjeleg fellesråd som eit offentleg forvaltningsorgan. Ved andre høve er det mest lagt vekt på å representere trussamfunnet Den norske kyrkje. Samstundes er kyrkja si rolle også i endring.

Dette må ein ha med seg i prosessen - at sjølv om organisasjonen har mange likskaper med kommunal verksemd, har fellesrådet også eit veldig annleis føremål og målsetting. I kyrkelova sin § 9, 1. ledd, også omtala som soknerådet sin føremålsparagraf, står det følgjande når det gjeld sokneråda si verksemd:
«Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døpte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet».

Ei ny organisering av kyrkja si verksemd i Os og i Fusa vil ha dette som eit overordna føremål, og vil vidare arbeide for ein framtidretta organisasjon som tek omsyn til både medlemene sine og forvaltningsoppgåvene.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 11.12.2017

Sak: FRAMDRIFTSPLAN FOR KYRKJELEG FELLESNEMND
SITT ARBEID - TIDSRISTER

Saksnr.: 2017/013
PSU-sak 2017-005

Ark.nr. 020

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Framlegg til vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd vedtek framlegg til framdriftsplan for nemnda sitt arbeid slik AU tilrår.

PSU si tilråding:

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Trykte saksdokument:

1. Framlegg til framdriftsplan for kyrkjeleg fellesnemnd sitt arbeid.

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

I sist møte i kyrkjeleg fellesnemnd vart det sagt at ein må få på plass ein framdriftsplan for nemnda sitt arbeid. Arbeidsutvalet drøfta dette i sitt møte den 27. november, og kjem her med si tilråding. Det vert vist til vedlagte dokument.

Det er ein framdriftsplan som er omfattande og vil krevje mykje ressursar. Det som ligg i denne planen er arbeidsoppgåver som i stor grad kjem i tillegg til dei andre oppgåvene ein har i dag.

Framdriftsplan for samanslåing av Os sokneråd og Fusa sokneråd til Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd

August-Desember 2017 Fase 1 – Etablere prosjekt

- Opprett fellesnemnd med mandat, samansetning og funksjonstid
- Utarbeide prinsippdokument for omstilling og framtidig fellesråd
- Utarbeide framdriftsplan
- Opprett partssamansett utval og avklar reglement
- Avklare omstillingsmidlar
- Avklare organisering m.o.t. prosjektleiar, kyrkjeverje m.v. Evt utlysing.

Januar –Juni 2018 Fase 2 – Kartlegge eksisterande verksemd

- Noverande organisering, bemanning og kompetanse
 - Lage skisse/idear for mulig organisering av Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd
- Møtestad for alle tilsette
- Avklare informasjonsstrategi/intranett. Kommunisere mål og prosessplan
- Opprette arbeidsgrupper
- Plan for sosial og fagleg fellesoppgåver fram mot ny kommune
- Økonomi
- Mål og planar for fellesråd og sokneråd
- Igangsett intranett for stabane – om det vert løysinga
- Kartleggje eksisterande tenesteytingsavtalar med kommunane
- Avtaler/Kontraktar som er vesentlege, pensjonsavtalar kartleggjast
- Utstyr, bygg, eigedomar vert kartlagt
- Kartleggje føringar og plikter for framtidig verksemd
- Informasjon frå sokneråd og stab: kva fungerer bra, kva bør betrast/utviklast?
- Avklare kva for IKT-system som er i bruk og røynsle med dei (inngåtte avtalar) (rekneskap, gravferd m.v.)

Juli-Desember 2018 Fase 3 – Planleggje strukturar i den nye organisasjonen

- Prinsipp for tenesteytingsavtale i den nye organisasjonen
- Klarleggje fysisk plassering av arbeidsplassar
- Organisering (Fellesråd og presteteneste). Døme er arbeidsmiljø, verneteneste, tenesteområde for tilsette, arbeidsavtalar
- Rutinar: planlegging, logistikk, økonomi, HMT, informasjon, personal
- Avtaler/kontraktar av vesentleg betydning
- Sende sak om budsjett 2019 og økonomiplan til kommunal fellesnemnd

- Klargjering av gravferdssystem og HMT-system

Januar- juni 2019

Fase 4 - Implementering

- Klargjere ny organisasjon
- Følgje opp etterslep frå fase 3 – organisering, felles reglement, instruksar, vedtekter m.v.
- Klargjering av rekneskapssystem og arkiv/sakshandsamingssystem – IKT-løysingar
- Arbeidsavtalar på plass for alle tilsette
- Avtalar om evt tenesteyting mellom kommune og fellesråd
- Førebu kyrkjeval 2019 (samarbeid med kommune, praktisk gjennomføring m.v.)

Juli - Desember 2019

Fase 5 – Implementering held fram

- Gjennomføre kyrkjeval i samarbeid med sokneråda
- Oppnemning av nytt fellesråd, innmelding til Brønnøysundregisteret, klargjere til drift
- Planar (handlings-, års-, verksemds-, budsjett- og økonomiplan) y
- Sluttevaluering av fellesnemnd og prosjekt
- Følgje opp etterslep frå fase 4
- Tid til opplæring/tilpassing til nye rutinar

Frå planleggingsfase til driftsfase er ein spesielt krevjande periode – krev tid og ressursar

Januar-Desember 2020

Fase 6 – Første driftsfase

- Igongsetting av felles rekneskapssystem
- Vedta budsjett og planar
- Jamlege evalueringar, t.d. kvartalsvis evaluering og evt justeringar etter kvart
- Større evaluering etter ca eit år

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 11.12.2017

Sak: REGLEMENT FOR PARTSSAMANSATT UTVAL (PSU)

Saksnr.: 2017/014
PSU-sak 2017-006

Ark.nr. 012.3

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Framlegg til vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd vedtek AU si tilråding til reglement for partssamansatt utval.

PSU si tilråding:

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Trykte saksdokument:

1. Framlegg til reglement for PSU

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Det er viktig å få på plass eit reglement for partssamansatt utval. Det er viktig å få involvert tillitsvald/tilsettereprerantantar i alle saker, men dette dokumentet er heilt grunnleggjande. AU har drøfta innhaldet i framlegget – sjå vedlagte dokument. Denne saka som dei andre sakene vert lagt fram og drøfta i PSU før fellesnemnda gjer sitt vedtak.

REGLEMENT FOR PARTSSAMANSETT UTVAL for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesnemnd

§ 1 Val og samansetning

Utvalet utgjer kyrkjeleg fellesnemnd og 2 arbeidstakarrepresentantar. Utvalet vel leiar og nestleiar. Prosjektleiar er sekretær for utvalet om ikkje anna vert bestemt. Kyrkjeverjene i begge sokneråda har møte- og talerett.

§ 2 Mandat

Partssamansett utval vert oppnemnd i tråd med kyrkelova sin § 35. Utvalet skal handsame saker som gjeld tilhøve mellom sokneråda som arbeidsgjevar og dei tilsette, med utgangspunkt i Hovudavtalen, del B, § 10-1a. Utvalet er fellesnemnda sitt fagorgan i desse spørsmåla, og har eit hovudansvar på å setje spørsmål av personalpolitisk karakter på dagsorden.

§ 3 Saker der utvalet har uttalerett

- Ved tilsetjing av kyrkjeverje i nytt fellesråd
- Ved omgjerjing av leiarstillingar i nytt fellesråd
- Framlegg til oppretting, nedlegging og evt omgjerjing av stillingar
- Reglement som gjeld arbeidstakarane, t.d. permisjonsreglement, tilsetjingsreglement, arbeidsreglement, reglement for telefongodtgjersle.
- Nye organisasjons- og bemanningsplanar
- Uttale seg om stillingsinstruksar
- Ved innføring av ny teknologi og vesentleg omlegging av dei tekniske hjelpemidla
- Forslag til effektiviseringstiltak
- Retningsliner for delegasjon til arbeidsutval, administrasjonen m.v. (delegasjonsreglement)
- Forslag til budsjett for nytt fellesråd
- Andre saker som fellesnemnda vil leggje fram for utvalet som t.d framdriftsplan, kartleggingsmetodar om arbeidstakarane sin arbeidsoppgåver/kompetanse.

§ 4 Møte i partssamansett utval

- Utvalet skal ha møte når leiaren finn det naudsynt eller når minimum 2 medlemmer krev det.
- Utvalet vert normalt kalla inn med skriftleg varsel på 7 dagar. Saksdokumenta vert sendt til medlemmer og andre med møterett.
- Møta vert halde for opne dørar om ikkje saker er unnateke offentlegheit.

- Minimum halvparten av medlemene må vere til stades for å kunne fatte vedtak. Avgjersler vert gjort med alminneleg fleirtal. Ved røystelikkap er leiaren si røyst avgjerande.
- Prosjektleiari kan i samråd med leiaren kalle inn andre det er ønskje å rådføre seg med.
- Det skal førast møtebok. Den sendast så snart som mogleg etter møtet til medlemmer, fellesnemnda og andre med møterett.

§ 5 Gyldigheit

Funksjonstida er frå 25. oktober 2017 og fram til dato for samanslåing av fellesråd 1. desember 2019. Då trer nytt administrasjonsutval i kraft.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 11.12.2017

Sak: MØTEGODTGJERSLE FOR KYRKJELEG FELLESNMEND

Saksnr.: 2017/015
PSU-sak 2017-007

Ark.nr. 233

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Framlegg til vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd vedtek følgjande møtegodtgjersle:

Dei som er valde av sokneråd, kommunale representantar og

tillitsvale/tilsettere representantar får møtegodtgjersle med kr.500,- pr møte.

Leiargodtgjersle kjem i tillegg med kr.10.000,- og nestleiargodtgjersle med kr.5.000,-.

PSU si tilråding:

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Trykte saksdokument:

Ingen

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

I sist møte i kyrkjeleg fellesnemnd sa ein at ein vil ha ei sak om møtegodtgjersle til utvalsmedlemene.

AU drøfta dette i sitt møte, og etter ei samla vurdering gjorde ein følgjande tankar:

Leiargodtgjersle: kr.10.000,- pr år

Nestleiargodtgjersle: kr.5.000,- pr år.

Møtegodtgjersle kr.500,- pr møte til soknerådvalde inkl leiar og nestleiar, kommunale representantar og tillitsvalde/tilsettere representantar.

Det er lagt i botn at når ein har PSU og FN same kveld vert det utbetalt ei møtegodtgjersle.

Ein ber om tilbakemelding i møte frå prosten om dette for vedkomande er ein del av arbeidstida eller om det skal utbetalast møtegodtgjersle.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 11.12.2017

Sak: BUDSJETT 2018 – ØKONOMIPLAN 2018-2019

Saksnr.: 2017/016
PSU-sak 2017-008

Ark.nr. 112

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Framlegg til vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd vedtek AU si tilråding til årsbudsjett 2018 og økonomiplan 2018-2019.

PSU si tilråding:

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

**Trykte saksdokument:
BUDSJETT-TAL FOR 2017-2019**

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Budsjettet hadde 1.gongs handsaming i kyrkjeleg fellesnemnd sitt møte 25. oktober, sak 2017-004. Fellesnemnda gjorde følgjande vedtak:

«Kyrkjeverjene i lag med leiar og nestleiar i kyrkjeleg fellesnemnd går gjennom budsjett-tala og tek saka opp i seinare møte».

Ein opplevde signala frå fellesnemnda slik:

- Skilje mellom driftsutgifter og investeringar
- Vurdere om driftsnivået kan reduserast.

Arbeidsutvalet drøfta budsjettet i sitt møte den 27. november. Ein har gjort ein del ednringar.

- IKT, arkiv/digitalisering og ombygging er ført frå drift til kapitalbudsjett
- Ein ser meir på konsulenttenester og prosjektleiing under eitt, og kalla det for midlertidig styrking av administrasjon. Samla kostnad er redusert noko.
- Ein har teke vekk status/tilstandsvurdering av kyrkjer og andre bygg/anlegg
- Ein har fjerna frikjøp av tillitsvalde, og lagt inn vanleg møtegodtgjersle til alle.
- Ein har tatt bort budsjettbeløpet for kulturbygging, og legg opp til at kvart sokneråd må bidra med det.

Kommentarar til budsjett-tala

1. **Midlertidig styrking av administrasjon.** Fram til og med 31.12.2017 er det lagt i botn forventa medgått arbeidstid for kyrkjeverjene. Frå 1. januar 2018 er det lagt til grunn økonomiske ressursar tilsvarande om lag 40% stilling. Dette kan vere konsulenthonorar, prosjektleiing og styrking av administrative ressursar. Ein må forvente at det går minimum to dagsverk pr veke til omstillingsarbeidet viss ein skal få gjort alt som trengs i ein slik omstillingsprosess som er i gong. I tillegg vil alle tilsette bli involverte i prosessen som ein del av si arbeidstid.

2. **Møtegodtgjersle folkevalde.** Her vil godtgjersla og tal møte vere avgjerande. Det er lagt i botn seks møter i AU og seks i fellesnemnda kvart år, og ei møtegodtgjersle slik som tilrådd i kyrkjeleg fellesnemnd si sak 2017-015.
3. **Reiseutgifter.** Her er det avgjerande kor mange samlingar ein deltek på av ulike slag, for prosjektleiar, valde og andre involverte.
4. **Kurs.** Ein har ikkje oversikt i dag over kva som vil skje på dette området for 2018 og 2019.
5. **Drift av kyrkjeleg fellesnemnd.** Her har ein sett ein sum for andre kostnader administrativt
6. **Informasjon heimeside.** Ein må arbeide for å få på plass ei heimeside for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd frå 2018. Her ligg i botn eit kalkulert beløp.
7. **Rekneskap/revisjon.** Ein har lagt til grunn eit kalkulert beløp

Årsbehov. Her ser ein at eit samla årsbehov for perioden 2017-2019 kjem på til saman kr.1.135.000,-. Det er om lag kr.1.100.000,- lågare enn førre driftsbudsjett.

Hovudgrunnen til denne reduksjonen er at ein fører kjøp av IT, arkiv og evt ombyggingar i investeringsbudsjettet.

8-10. Investeringar. Her treng ein i alle fall år 2018 for å sjå kva investeringsbehov ein får i 2019 for å klargjere ein framtidig kyrkjeleg organisasjon. Beløpet som er tilrådd på kr.1.000.000,- er svært usikkert, men dette er tala ein tilrår vert lagt i botn på dette tidspunkt.

ØKONOMIPLAN 2017-2020 FOR BJØRNAFJORDEN KYRKJELEGE FELLESNEMND

UTKAST

Drift

	2017	2018	2019	Totalt
Lønsutgifter m.v.				
1.Midlertidig styrking av administrasjon	80.000	386.000	396.000	862.000
2.Møtegodtgjersle	20.000	50.000	50.000	120.000
3.Reiseutgifter	10.000	15.000	15.000	40.000
4.Kurs	6.000	6.000	6.000	18.000
5.Drift av kyrkjeleg fellesnemnd	0	20.000	20.000	40.000
Sum pr år	116.000	477.000	487.000	1.080.000
IKT-kostnader				
6.Informasjon heimeside	0	10.000	10.000	20.000
Andre utgifter				
7.Rekneskap/revisjon	5.000	15.000	15.000	35.000
Årsbehov	121.000	502.000	512.000	1.135.000

Investeringar

	2017	2018	2019	Totalt
8.IT – koordinering og nye system- opplæring			650.000	650.000
9.Arkiv – digitalisering			250.000	250.000
10.Tilpassing/ombygging administrasjon			100.000	100.000
Sum investeringar			1.000.000	1.000.000

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 11.12.2017

Sak: IKT- OG WEBLØYSINGAR FOR KYRKJELEG FELLESNEMND
OG FRAMTIDIG BJØRNAFJORDEN KYRKJELEGE FELLESRÅD

Saksnr.: 2017/017

PSU-sak 2017-009

Ark.nr. 053

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Framlegg til vedtak:

Det låg ikkje føre framlegg til vedtak.

PSU si tilråding:

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Trykte saksdokument:

Ingen

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

På møtet i kyrkjeleg fellesnemnd 25. oktober var ein innom ulike tankar kring framtidige løysingar innan IKT-støtte og WEB-løysingar for informasjon – både når det gjeld under vegs i samanslåingsprosessen dei komande to åra og etter at ein har slått seg saman.

Det finst ulike løysingar for dette. Ordførar Marie Bruarøy skulle undersøkje internt om det kan finnast Webløysingar i samarbeid med kommunen samt vurdere muligheten for IKT-kompetanse og støtte til eit framtidig Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd. Færder kommune som vert ein ny kommune frå 1. januar 2018 (Tjøme og Nøtterøy kommunar) bidrar t.d. med IKT-kompetanse til Færder kyrkjelege fellesråd. I dag får Fusa kyrkjekontor solid IKT-støtte frå Fusa kommune.

Saka vert lagt fram for kyrkjeleg fellesnemnd utan tilråding.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 11.12.2017

Sak: FORSKOTTERING AV FELLESNEMNDA SINE UTGIFTER

Saksnr.: 2017/018

PSU-sak 2017-010

Ark.nr. 131

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Framlegg til vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd tek saka til etterretning.

PSU si tilråding:

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Trykte saksdokument:

Ingen

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Kyrkjeverjene har lagt fram sak for kvart av sine sokneråd vedr forskottering av utgifter sokneråda har hatt på vegne av kyrkjeleg fellesnemnd i 2017. Fusa sokneråd skal ha møte 30. november og Os sokneråd den 7. desember. Det ligg framlegg om at kvart sokneråd forskotterer kr.100.000,- kvar. Det vert orientert meir om dette i fellesnemnda sitt møte.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 11.12.2017

Sak: OPPNEMNING AV AU

Saksnr.: 2017/019

PSU-sak 2017-011

Ark.nr. 002.39

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Framlegg til vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd oppnemner leiar og nestleiar i fellesnemnda som arbeidsutval. Arbeidsutvalet førebur møta i fellesnemnda og får dessutan delegert mynde til å ta avgjerd i evt hastesaker. Desse skal leggjast fram for fellesnemnda i ettertid.

PSU si tilråding:

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Trykte saksdokument:

Ingen

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Kyrkjeleg fellesnemnd har formelt sett ikkje oppnemnt eit arbeidsutval enno. I denne saka gjer ein framlegg om at leiar og nestleiar vert AU, og at dei får delegert mynde i evt hastesaker. Evt hastesaker skal leggjast fram for fellesnemnda i ettertid.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 11.12.2017

Sak: MØTEPLAN FOR 2018

Saksnr.: 2017/020
PSU-sak 2017-012

Ark.nr. 012.0

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Framlegg til vedtak:

Det låg ikkje føre framlegg til vedtak.

PSU si tilråding:

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Trykte saksdokument:

Ingen

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

AU rår til at ein planlegg tre møte 1. halvår 2018, og at ein finn datoar på dette møtet for desse.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 11.12.2017

Sak: VAL AV LEIAR OG NESTLEIAR I PSU

Saksnr.: 2017/021
PSU-sak 2017-013

Ark.nr. 012.3

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Framlegg til vedtak:

Det låg ikkje føre framlegg til vedtak.

PSU si tilråding:

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Trykte saksdokument:

Ingen

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Saka vart lagt fram i møtet utan tilråding..